

**Saksgang**

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		28.04.21

Tildeling av tilskot til tekniske og industrielle kulturminne 2021 - statsbudsjettet kap 1429 post 72

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune vedtek å løyve tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1420 post 72, tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, fordelt slik:

Søkjar	Kulturminne og prosjekt	Tildeling 2021	Tilsegn 2022
1 Indre Ofredal Vener	Ne'fø sjøen Indre Ofredal	400 000	
2 Hafslvatnet grunneigarlag	Gangbruene på Soget		110 000
3 Hordaland veteranbussforening	Veteranbussene i Hordaland		200 000
4 Kåre Nes	Nes gardssag		90 000
5 Kvinnherad kommune	Bjørkedalsdammen	55 000	500 000
6 SNU på vegne av SNU og Ullensvang kommune	Odda smelteverk - forvaltning, drift og vedlikehald Importkaien, Cyanamidfabrikken, Omn 3, Skalltaket	1 902 289	
7 Ullensvang kommune	Odda smelteverk Importkaien		300 000
8 KML eiendom - SNU AS	Odda smelteverk Omn 3	820 000	450 000
9 KML eiendom 2 - SNU AS	Odda smelteverk Cyanamidfabrikken	65 000	
1 Kraftmuseet	Odda smelteverk Lindehuset	800 977	
1 KML eiendom - SNU	Odda smelteverk skalltaket	720 000	
1 Marin eiendomsutvikling	Laksevåg verft Maskinverkstaden		100 000
1 Tekstilindustrimuseet - Museumssenteret i Hordaland	Salhus Tricotagefabrikk	358 500	
1 Tekstilindustrimuseet - Museumssenteret i Hordaland	Salhus Tricotagefabrikk - forvaltning, drift og vedlikehald	3 067 468	

1 5	Kraftmuseet	Tyssedal kraftstasjon - forvaltning, drift og vedlikehald	1 077 050	
1 6	Stiftelsen Gamle Innvik ullvarefabrikk	Gamle Innvik ullvarefabrikk	50 000	250 000
1 7	Magne Sellevåg	Sellevåg treskofabrikk	12 000	
<b>Sum</b>			<b>9 328 284</b>	<b>2 000 000</b>

2. Vestland fylkeskommune fastset følgjande bruk for disponible midlar til forvaltning, drift og vedlikehald til anlegga i bevaringsprogrammet:

	Tildelt til	Objekt/ Tiltak	Sum	Tiltak
1	KML eiendom - SNU AS - Ullensvang kommune	Odda smelteverk - forvaltning, drift og vedlikehald	257 833	Forvaltning, drift og vedlikehald - Importkaien
2	Tricotagemuseet - Museumssenteret i Hordaland	Salhus Tricotagefabrikk	364 536	Forvaltning, drift og vedlikehald - løn
3	Kraftmuseet	Tyssedal kraftstasjon	172 930	Fjernvarme
<b>Sum</b>			<b>795 319</b>	

3. Vestland fylkeskommune avslår søknad om tildeling av midlar frå statsbudsjettet kap. 1429 post 72, tilskot til tekniske og industrielle kulturminne, til føljande prosjekt:

	Søkjar	Objekt
1	KML eiendom - SNU - Ullensvang kommune	Odda smelteverk taubanen
2	Inger Mette Elisabeth Sefland	Mogeleg produksjonsområde Stad
3	Astrid Faugstad	Væstlandske Træskofabrikk
4	Halsnøy historiske senter	Bygging av kravellbygd skøyte 30-50 fot

4. Fylkessdirektøren set nærmere vilkår for bruken av tilskota som er fordelt.

5. Fylkessdirektøren får fullmakt til å følge opp bruken av restmidlar og førehandstilsegn som Riksantikvaren tildelte i 2019 og 2020 til bestemte prosjekt, og å sette vilkår for bruk av dei.

6. Dersom nokon av tiltaka ikkje let seg gjennomføre i tråd med føresetnadene for tildelinga, har fylkessdirektøren høve til å omfordеле midlane til andre tiltak på same kulturminne, eller til andre av dei tiltaka som har fått tildelt tilskot, jf. pkt. 1 ovafor.

7. Resterande tilskotsmidlar **171 716 kr.** vert fordelte i eit seinare møte.

#### Samandrag

Saka gjeld tildeling av tilskot frå statsbudsjettet 2021 kap. 1429 post 72 Tilskot til tekniske og industrielle kulturminne. Ordninga vart overført til fylkeskommunane 1.1.2021. Ikkje-statlege eigarar og forvaltarar av tekniske og industrielle kulturminne kan søkje fylkeskommunen om støtte til istrandsetjing og forvaltning, drift og vedlikehald. På bakgrunn av søknader frå eigarane søkte Vestland fylkeskommune Riksantikvaren om 60 128 313 kr. til tilskot for 2021. I brev av 1. februar 2021 tildelte Riksantikvaren eit tilskot på 9 500 000 kr. til Vestland fylkeskommune for 2021 og førehandstilsegn på 2 000 000 kr. for 2022. Desse midlane skal fordelast til istrandsettingstiltak og forvaltning, drift og vedlikehald av tekniske og industrielle kulturminne.

Per Morten Ekerhovd  
fylkessdirektør

David Aasen Sandved  
seksjonssjef

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor ingen handskriven underskrift*

## Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Kvar år kan ikkje-statlege eigarar og forvaltarar av tekniske og industrielle kulturminne søkje om tilskot frå Statsbudsjettet kap. 1429 post 71 til istrandsettingstiltak og til forvaltning, drift og vedlikehald av kulturminna. Riksantikvaren har hatt ansvar for tilskotsordninga fram til 1.1.2021, då vart ansvaret overført til fylkeskommunane.

For 2021 fekk Vestland fylkeskommune inn 18 tilskotsberettiga søknadar, med ein samla søknadssum på kr. 60 128 313 kr. Dette vart omsøkt Riksantikvaren. På bakgrunn av søknaden tildelte Riksantikvaren i brev av 1.februar 2021 eit tilskot på 9 500 000 kr. til fordeling i år, og 2 000 000 kr. i førehandstilsegn for 2022.

For dei 3 anlegga i bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne er det utbetalte midlar til forvaltning, drift og vedlikehald. Riksantikvaren har bedt Vestland fylkeskommune spesifisere bruken av desse midlane i tilskotsfordelinga for 2021, jf. vedtakspunkt 2 og tabell nedanfor (andre midlar, rad 1).

Fylkeskommunen har i samband med ansvarsoverføringa for tilskotsordninga fått overført 550 000 kr. som i 2020 vart tildelt av Riksantikvaren i førehandstilsegn for 2021 til istrandsetting av fasadar på Lindehuset. Riksantikvaren har delegert ansvaret for vidare oppfølging av tilsegnet til Vestland fylkeskommune, jf. vedtakspunkt 5, og tabell nedanfor (andre midlar, rad 2).

Riksantikvaren har overført restmidlar som er knytt opp til bestemte løyingar som er gjort i 2019, og i 2020, til Vestland fylkeskommune. Desse midlane skal følgjast opp framover, og utbetalast til tiltak som er i tråd med tildelingane. jf. vedtakspunkt 5, og tabell nedanfor (andre midlar, rad 3-6).

Etter søknad frå Salhus Tricotagefabrik vedtok Riksantikvaren overføring av 300 000 kr. i lønsmidlar som vart tildelte til ekstra innleige ved maskinparken, frå 2020 til 2021. Tiltaket lot seg ikkje gjennomføre i omstenda. Salhus Tricotagefabrik har i søknad om tilskot på ny søkt om overføring av midlane til 2021. Midlane er alt vedteke overført til 2021 av Riksantikvaren, og er tilgjengeleg for bruk av Salhus Tricotagefabrik, jf. tabell nedanfor (andre midlar, rad 7).

Fire søknader har fått avslag. Med ein total søknadssum på 60 128 313 kr. og tildeling 9 500 000 kr. samt tilsegn på 2 000 000 kr. må Vestland fylkeskommune gjere harde prioriteringar. Taubanen er klart støtteverdig, men det er ikkje nok midlar til fordeling, og andre tiltak må i år prioriterast ut frå formålet med støtteordninga. Dei 3 andre søknadane som får avslag er ikkje prioriterte i år og har stor uvisse knytt til verdivurdering av anlegga.

Det vert vist til vedlegg for nære omtale og grunngjeving knytt til den einskilde søknad.

Vedtakskompetanse

Vedtaksmynde i saka er heimla i Reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering - Saker der utvalet har avgjerdsmynde:

Fordeling av statlege tilskot og stønadsordningar som fylkeskommunen er sett til å ivareta innanfor sitt arbeidsområde

Vurderingar og verknader

### Økonomi:

Saka gjeld fordeling av øyremerka midlar frå statsbudsjettet og påverkar difor ikkje andre sider ved fylkeskommunen sin økonomi.

### Tidelte midlar

Tilskot frå Riksantikvaren 2021	9 500 000
Førehandstilsegn frå Riksantikvaren for 2022	2 000 000

### Andre midler

1	Disponible midler til forvaltning, drift og vedlikehald	795 319 jf. vedtakspunkt 2
2	Førehandstilsagn for 2021 - Lindehuset istrandsetting fasader	550 000 jf. vedtakspunkt 5
3	Overførte restmidler Ovn 3 frå tilskot i 2019 og 2020	944 250 jf. vedtakspunkt 5
4	Overførte restmidler Lindehuset frå tilskot i 2019 og 2020	620 409 jf. vedtakspunkt 5
5	Overførte restmidler Hagevik tønnefabrikk frå tilskot i 2019 og 2020	221 259 jf. vedtakspunkt 5
6	Overførte restmidler Nes gardssag frå tilskot i 2019 og 2020	89 250 jf. vedtakspunkt 5

7	Utbetalte og ubrukte midler innleige, lærling Salhus Tricotagefabrik	300 000 jf. vedtakspunkt 5
	<b>Sum andre midler 2021</b>	<b>3 520 487</b>

Total ramme i ordninga er summen av tilskot for 2021, tildelt førehandstilsagn for 2022, og tidlegare vedtekne midler og førehandstilsagn som Riksantikvaren har vedteke overført til Vestland fylkeskommune for vidare oppfølging:

Tilskot frå Riksantikvaren for 2021	9 500 000
Førehandstilsagn frå Riksantikvaren for 2022	2 000 000
Sum andre midlar i ordninga i 2021	3 520 487
<b>Total sum</b>	<b>15 020 487</b>

### **Klima og miljø:**

Istandsetjing av bygningar er eit godt klimatiltak, også når det gjeld tekniske og industrielle anlegg. Ved å nytte eksisterande bygningar i eit langt perspektiv vil ein redusere behovet for nybygg og redusere klimaavtrykket til bygningsmassen vi omgjev oss med. Nybygg krev mykje ressursar for å føre opp, bruk av eksisterande bygningsmasse krev mindre ressursar enn å bygge nytt. Bygg- og anleggssektoren er den sektoren i fastlands-Noreg som er mest energiintensiv. Gjenbruk av eksisterande bygningar og anlegg er slik eit viktig miljøtiltak.

I samband med kartlegging av tekniske og industrielle anlegg kan det tidvis verte påvist miljøgifter. Slike høve vert handtert ved å kople inn kommune, statsforvaltar og andre miljøstyresmakter. Tilskotsordninga har såleis ein positiv påverknad på klima og miljø.

For meir informasjon om kulturminne og klima syner vi til Riksantikvaren sitt informasjonsblad om deira arbeid med bymiljø, klima og energisparing: [https://ra.brage.unit.no/xmlui/bitstream/handle/11250/192926/Klimaendringer\\_Riksantikvaren\\_rapport.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://ra.brage.unit.no/xmlui/bitstream/handle/11250/192926/Klimaendringer_Riksantikvaren_rapport.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

### **Folkehelse:**

Tekniske og industrielle kulturminne er ein arena der frivilligheita viser stort engasjement. Truleg vil det være positivt for folkehelsa å stø opp om aktivitetane deira med å sette i stand kulturminne som betyr mykje for identiteten i lokalsamfunna.

### **Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):**

Den tilrådde fordelinga for tilskotsordninga har sett til følgjande mål i utviklingsplanen:

Mål 2 - Klima og miljø som premiss for samfunnsutvikling, ved å sikre infrastruktur og forvalte viktige natur-, landskaps- og kulturverdiar, jf. strategi 2.2.

Mål 3 - Lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv, ved å utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar, jf. strategi 3.1

Mål 4 - Like moglegheiter til å delta i verdiskaping, ved å fremje opne og inkluderande arenaer for deltaking i kultur, frivillig arbeid og sivilsamfunn, jf. strategi 4.2

### **Tilskotsordninga, målsetting og målgruppe**

Tekniske og industrielle kulturminne er spor etter industriell kultur med historisk, teknologisk, sosial, arkitektonisk eller vitskapleg verdi. Tekniske og industrielle kulturminne omfattar bygningar og produksjonslinjer med maskineri, samferdsle og øvrig infrastruktur, samt den sosiale delen av industrihistoria med bustader, religiøse byggverk, skular, rekreasjon- og grøntanlegg.

Gjennom tilskot til tekniske og industrielle kulturminne skal vesentlege deler av Norge si tekniske og industrielle historie bevarast. Det er eit mål å auke kunnskapen om mangfaldet av tekniske og industrielle anlegg, som grunnlag for forsking, formidling, oppleveling, bruk og muleg ny bruk. I dette inngår også ivaretaking av handverkskompetansen som er bygd opp ved dei 15 prioriterte anlegga som inngjekk i Riksantikvaren sitt bevaringsprogram fram til 2020. Fram til nye bevaringsstrategiar for tekniske og industrielle kulturminne ligg føre skal målsettinga til bevaringsprogrammet ligge fast:

Målet med bevaringsprogrammet er å sette i stand og vedlikehalde dei prioriterte tekniske og industrielle anlegga. Med dette meinast normalt vedlikehaldsnivå innafor definerte omfang.

Måloppnåinga for bevaringsprogrammet er at anlegga skal være sett i stand og ha eit normalt vedlikehaldsnivå med minimum tilstandsgrad 2 i eksteriør. Interiør/maskinpark skal vere sett i stand og ha eit normalt vedlikehaldsnivå der dette er vurdert som ein del av anlegget sitt omfang.

Formålet med tilskotsordninga post 72 tekniske og industrielle kulturminne er at mangfaldet av tekniske og industrielle kulturminne vert sett i stand og vedlikehaldast som grunnlag for ivaretaking av kunnskap, oppleveling, bruk og verdiskaping. Det nasjonale målet for tilskotsordninga er nedfelt i Rundskriv T-1/20 Tilskotsordningar for 2021, som omfattar områda naturforvaltning, friluftsliv, forureining, kulturminne, klima m.m.

### Absolutive kriterium for ordninga

Private, kommunale og fylkeskommunale eigarar og forvaltarar av tekniske og industrielle kulturminne kan motta tilskot. Sektorprinsippet ligg til grunn. Det skal ikkje gjevast tilskot til kulturminne i statleg eige. Overførte midlar skal gå til dei formåla dei opphavleg vart løyva til.

### Generelle føresetnadnar og andre kriterium for tildeling

Midlene skal fordelast etter søknad om tilskot til konkrete tiltak til:

- Sikring
- Istandsetting
- Vedlikehald
- Kulturminne- og tilstandsregistrering
- Dokumentasjon
- Muligkeitstudie

Prioriterte anlegg:

- Anlegga som var inkludert i Bevaringsprogrammet for tekniske og industrielle kulturminne fram til 2020
- Anlegg som er freda, listeført eller regulert til bevaring eller omsynssone

For meir om ordninga, sjå <https://www.riksantikvaren.no/veileder/post-72-tekniske-og-industrielle-kulturminner/>

I samband med overføring av ordninga til fylkeskommunane har Riksantikvaren gjeve retningsliner som er lagt til grunn for fordelinga av midlar og som vil verte lagt til grunn for oppfølginga av tildelinga framover. Riksantikvaren har i si fordeling av midlar til fylkeskommunane i år lagt vekt på tildelingskriteria i Prop. 1 S (2020-2021) og har hatt fokus på å nå måla i bevaringsprogrammet.

### Fylkesdirektøren sin vurdering av søknadene

For 2021 fekk Vestland fylkeskommune inn søknadar om tilskot til 18 (19) prosjekt med ein samla søknadssum på 60 128 313 kr. Vestland fylkeskommune har den største tilgangen på søknader i landet, og den største omsøkte summen. Fylkesdirektøren ser eit engasjement for tekniske og industrielle kulturminne, og merkjer seg at søkerar frå verdifulle anlegg som tidlegare har fått avslag fleire gonger ikkje har søkt på ny i år. Fylkesdirektør ser dette i samanheng med tilskotsrammene, og vil sette fokus på å få fleire kvalifiserte søkerar til å söke om midlar framover.

Fylkesdirektøren sluttar seg til målsettinga i bevaringsprogrammet om å sette dei prioriterte tekniske og industrielle kulturminna i stand til ordinært vedlikehaldsnivå. Dei tre anlegga i bevaringsprogrammet i Vestland, Salhus Tricotagefabrik, Tyssedal Kraftverk og Odda smelteverk, er prioriterte i fordelinga i år. I Vestland har Odda smelteverk ikkje nådd måloppnåinga, og behova er store. Her er samstundes eit stort verdiskapings- og brukspotensiale som er vektlagt. Salhus Tricotagefabrik og Tyssedal kraftstasjon har nådd den generelle måloppnåinga om istandsetting, men for så store anlegg vil det alltid være trøng for reparasjonar og tiltak. Fylkesdirektøren ser at dei også er nasjonale attraksjonar som det er viktig å sikre. For desse tre anlegga er det behov for ressursar til forvaltning, drift og vedlikehald for å sikre den kunnskapen som er bygd opp, og sikre anlegga gjennom vedlikehald og reparasjonar. Størstedelen av den samla tilskotsramma går til desse tre anlegga, i tråd med formål og retningsliner for tilskotsordninga. Dei er alle freda etter kulturminnelova.

I vurdering av det samla søknadstilfanget har Fylkesdirektøren lagt vekt på følgjande:

- Vidareføring av pågående prosjekt
- Sikring mot akselererande forfall og utbetring av akutte skader
- Potensial for verdiskaping og medverknad
- At breidda av tekniske og industrielle kulturminne er representert
- At heile Vestland er representert

Ramma for tildeling i 2021 er 9 500 000 kr. i tilsegn og 2 000 000 kr. i førehandstilsegn, samla er dette på 11 500 000 kr. Fylkesdirektøren tilrår at 1 767 000 kr. av desse midlane fordelast til anlegg utanfor bevaringsprogrammet. Dette er ein noko høgre andel enn før av tildelte midlar til anlegg utanfor bevaringsprogrammet. Fylkesdirektøren viser til at anlegga i bevaringsprogrammet har tilgjenge til midlar i tillegg til årets rammer på 3 520 487 kr. Av dei samla midlane i omløp, 15 020 487 kr., har anlegga i bevaringsprogrammet tilgang til 13 253 487 kr. Fylkesdirektøren viser

også til at fylke som ikkje har anlegg inkludert i bevaringsprogrammet er tildelt 900 000 kr. kvar. Vestland er det fylket med klart flest søknader også utanfor bevaringsprogrammet, og klart størst totalt omsøkte sum. Fylkesdirektøren si vurdering er at den samla ressursfordelinga mellom anlegg i og utanfor bevaringsprogrammet for 2021 er balansert i tildelinga, og i tråd med mål for tilskotsordninga. Ein god del av desse tildelingane er i form av førehandstilsegn og ikkje tilskot. Dette heng saman med finansieringsgraden til prosjekta, og andre høve knytt til framdrift.

Tilrådde tilskot og tilsegn til anlegga utanfor bevaringsprogrammet skal spegle den store breidda og det store engasjementet i heile Vestland fylke. Med dei tilgjengelege rammene ser fylkesdirektøren at fleire gode prosjekt må spreiaast over fleire år, og andre prosjekt bør vente til pågåande prosjekt er slutførte eller i det minste ført fram til eit akseptabelt istandsettingsnivå. Rullande materiell er tilgodesett, innafor retningslinjene til ordninga.

Anlegga utanfor bevaringsprogrammet der fylkesdirektøren tilrår tilskot eller tilsegn i 2021 er:

Ne'fø Sjøen Indre Ofredal	Årdal	Tilskot 400 000
Gangbruene på Soget	Luster	Førehandstilsagn 110 000
Veteranbussene i Hordaland	Bergen	Førehandstilsagn 200 000
Nes gardssag	Kvam	Førehandstilsagn 90 000
Bjørkedalsdammen	Kvinnherad	Tilskot 55 000 og førehandstilsagn 500 000
Laksevåg verft maskinverkstaden	Bergen	Førehandstilsagn 100 000
Gamle Innvik Ullvarefabrikk	Stryn	Tilskot 50 000 og førehandstilsagn 250 000

For omtale og vurdering av den enkelte søknad, sjå vedlegg.

#### Konklusjon

Fylkesdirektøren viser til drøftingane ovanfor og rår hovudutval for kultur, idrett og integrering til å gjere vedtak i tråd med framlegg.